



Arkivnr: 2016/759-1

Saksbehandlar: Tore Muren

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		10.02.2016
Fylkesutvalet		24.02.2016

Høyringsuttale - ny læreplan for studieførebuande utdanningsprogram i Medium og kommunikasjon**Samandrag**

I tråd med Stortingsmelding nr. 20 (2012-2013) *På rett veg* har Kunnskapsdepartementet gjort vedtak om å gjere om deler av yrkesfagleg utdanningsprogram for Medium og kommunikasjon til eit studieførebuande utdanningsprogram. Medium og kommunikasjon har etter Reform-94, og før omgjeringa av utdanningsprogrammet, hatt lærefaga fotograffaget og mediegrafikarfaget, og dessutan dei to faga; mediedesignfaget og medium og kommunikasjon. Dei to siste ga yrkeskompetanse gjennom Vg3 i skule. I samband med aktuell omlegging vil dei nemnde lærefaga bli flytta over til utdanningsprogram for Design og handverk. Omgjeringa vil gjelde frå 1. august 2016 (jf. høyringssak om dette i OPHE 21.10. 2014 og fylkesutvalet 30.10 2014).

Utdanningsdirektoratet sende 20. oktober 2015 ut høyringssak om innhaldet i den nye studieførebuande læreplanen. Denne saka gjeld spørsmålet om korleis ein kan fordele timane i det nye studieførebuande utdanningsprogrammet på relevante programfag og kva innhald ein skal vektlegge i dei føreslårte programfaga. Frist for høyringsuttale er sett til 18. februar 2015.

Opplæringsavdelinga i HFK har organisert høyringsprosessen gjennom Fagutval for medium og kommunikasjon, som igjen har engasjert aktuelt fagmiljø i vidaregåande skular i saka. I UDIR si høyring er det fremja forslag om at det nye studieførebuande utdanningsprogrammet skal ha to felles og seks valfrie programfag. Det sjette valfrie programfaget er enno ikkje nærmare definert utover at det er gitt arbeidstittel «entreprenørskap». Utdanningsdirektoratet antyder at elevane i dette faget kan få høve til å fordjupe seg i eit fagområde henta frå dei andre valfrie programfaga.

I høyringsbrevet er høyringspartane bedne om å svare på konkrete spørsmål til kvar av dei sju programfaga ved å krysse av for gitte svaralternativ (ja/nei/veit ikkje). Til slutt i kvart spørsmålssett er det opna for generelle «kommentarar» til aktuelt programfag. Heilt til slutt i svarskjemaet er det gitt rom for ein generell kommentar til læreplanen. Desse kommentarane er tatt inn i saka her (ja/nei/veit ikkje-svara er tatt med som vedlegg). Dei mest sentrale synspunktene i kommentarane går på vektinga mellom teori på den eine sida og praktisk, kreativt arbeid på den andre sida. Fylkesrådmannen meiner begge er viktige, men peikar på at ein ikkje må gi det nye faget ein for tung akademisk profil. Fylkesrådmannen sine kommentarar går elles på val av ord og uttrykk og språklege nyansar.

Hovuddokumentet i saka inneholder berre fylkesrådmannen sine kommentarar til utkastet. Heile svarskjemaet med utfylte svar og kommentarar er tatt med som vedlegg.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til framlagt forslag til læreplanar i studieførebuande utdanningsprogram for Medium og kommunikasjon med etterhald for merknader som kjem fram i høyringssvaret.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkessjef opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen 18. januar 2016

Bakgrunn

Utdanningsdirektoratet viser til Stortinget si behandling av Meld. St. 20 (2012-2013) *På rett vei*, der det vart gjort vedtak om å gjere om utdanningsprogram for Medium og kommunikasjon frå eit yrkesfagleg til eit studieførebuande utdanningsprogram. I denne samanheng har Utdanningsdirektoratet sendt på høyring utkast til læreplan for det nye studieførebuande utdanningsprogrammet. Ein viser til heile høyringsdokumentet vedlagt utkasta for kvart av programfaga det er gjort framlegg om. Utkastet kan også lesast her: <http://www.udir.no/Regelverk/Horinger/Saker-ute-pa-horing/horing-forslag-til-lareplaner-i-studieforberedende-utdanningsprogram-for-medier-og-kommunikasjon/>

Læreplanen er bygd opp med to felles og fem valfrie programfag:

Felles programfag:

- mediesamfunnet 1, 2 og 3 (totalt 420 årstimer)
- medieuttrykk 1, 2 og 3 (totalt 420 årstimer)

Valfrie programfag

- tekst (140 årstimer)
- lyddesign (140 årstimer)
- bilde (140 årstimer)
- grafisk design (140 årstimer)
- nye medier (140 årstimer)

Det vert òg arbeidd med eit sjette valfritt programfag der arbeidstittelen er entreprenørskap. Utdanningsdirektoratet ser for seg at elevane i dette faget kan få høve til å fordjupe seg i eit fagområde henta frå dei andre valfrie programfaga (høyringsbrev side 3 punkt 4 *Valfrie programfag*.) Her er det enno ikkje utarbeidd utkast til læreplan, og han er derfor ikkje med i denne høyringa.

Kommentarar til ein skilde deler av læreplanen.

Kommentarar til læreplanen for programfaget mediesamfunnet (punkt 3.1.8. i høyringsbrevet)

Fylkesrådmannen vil her halde fram at teorien i faget bør få ein tydelegare praktisk profil. Elevane må få høve til å lære ved å kommunisere, samhandle og delta, og utvikle kompetanse gjennom å utforske og å skape. Jf. også Ludvigsen-utvalet NOU 2015:8, s. 9 om at "elevane utviklar kompetanse gjennom arbeid med faga."

Kommentar til læreplan i medieuttrykk (3.2.8.)

Fylkesrådmannen peikar her på to tilhøve:

For det første har læreplanen som er lagt fram, like mange kompetansemål som læreplanen i dagens læreplan for Medium og kommunikasjon, men utan at faget har fleire timar. Dette er det gjort framlegg om på trass av høgre fagleg ambisjonsnivå i den nye læreplanen. Dette blir krevjande.

For det andre vil fylkesrådmannen peike på den effekten kreativitet og praktisk-estetisk tilnærming kan ha på forståinga og opplevinga av faget. I lys av dette ber ein om at Utdanningsdirektoratet vurderer om omgrepene "drøfte" i fjerde kulepunkt under «Idéskaping og mediedesign» bør bytast ut med "skape og vurdere."

Kommentar til læreplan i tekst (4.1.8)

Her kan det haldast fram at overskrifta "tekst" i moderne fagterminologi også kunne kallast "storytelling". Dette omgrepet vil bidra til å gi læreplanen ei meir open og for mange elevar meir spanande ramme. Fylkesrådmannen ber departementet vurdere språkbruken i lys av dette.

Kommentar til læreplan i bilde (4.3.8.)

Fylkesrådmannen vil her peike på at omgrepene kreativitet ikke er nytta i læreplanmålet om lyd og bilde. Omgrepene er absolutt relevant også i denne samanhengen og bør derfor derfor flettast inn i omtalen av faget.

Generell kommentar til læreplanen.

Fylkesrådmannen vil peike på at mediefag i dag står i ein situasjon med sterke fagleg utvikling. Det betyr at faget og læreplanen må innby til fagleg kreativitet tilpassa denne situasjonen. Det betyr også at den teoretiske sida av faget ikke må stå i vegen for at elevane kan lære gjennom praktisk og kreativ øving. Læreplanen kan derfor med fordel gjennomgåande balanserast med større omsyn til ei praktisk og kreativ tilnærming.